



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 11.04.2019

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Kommunehuset, Jondal

Møteplanen for Hardangerrådet godkjent 13.09.2018 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 10.00 Årsmøte Hardangerrådet iks

10.00 – 11.30 Sakshandsaming

11.30 – 12.30 Lunsj

12.30 – 13.30 Sakshandsaming

13.30 – 14.00 Orientering:

Folkeuniversitetet

v/ Reidar Brandsberg og Wenche Fonneland

14.00 - 15.00 Evt. sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 15/19 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 22/19.

HR-sak 16/19 Meldingar

HR-sak 17/19 Støtteuttale til Hardanger tingrett og Sunnhordland sin intensjonsavtale om samanslåing av tingrettane.

HR-sak 18/19 Støtteuttale til vidareføring av tilbodet om vaksenopplæring "Deltid gartnar" på Hjeltnes.

Utkast til uttale vert lagt fram i møtet.

HR-sak 19/19 Uttale vedr. krav om nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022 - 2033.

HR-sak 20/19 Etablering av interimsstyre for vidare arbeid med regionalt samarbeid for Hardangerregionen.

Drøfting

HR-sak 21/19 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.


HR-sak 22/19 Orienterings- og drøftingssaker.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 5. april 2019

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 11.04.2019	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 16/19 Meldingar

- Melding 1 Uttale frå Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland om ny tingrettstruktur, av 12.03.2019 til Domstolkommisjonen
- Melding 2 Mail om tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2019, av 04.04.2019 frå Hans Inge Gloppen, Hordaland fylkeskommune

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande



Hardangerrådet iks



Domstolkommisjonen
v/leiar Sorenskrivar Yngve Svendsen

Ny tingrettstruktur - Uttale frå Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Domstolkommisjonen skal innan 1. oktober 2019 leggja fram rapport vedr. forslag til ny tingrettstruktur i Norge. For regionane Hardanger og Sunnhordland, som begge har sin eigen tingrett idag, er det av stor lokal og regional betydning at denne regionale forankringa av funksjon og aktivitet vert oppretthalden.

Hardanger og Sunnhordland vert begge utkantar i det nye Vestland fylke. I så måte liknar desse regionane mykje på Sogn og Fjordane, der ein med hell har innført ein distriktsmodell for tingretten.

I begge regionane ser ein at ei vidareføring av dagens Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett ikkje er særleg sannsynleg. Til det er einingane for små til å oppfylle dei krav som ein set til effektivisering, krav til kompetanse og kapasitet, m.a. gjennom raskare sakshandsaming og digitalisering i dei framtidige domstolane.

Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland er samde om at ein ny modell for Hardanger og Sunnhordland tingrett med fleire permanente rettstader (avdelingskontor) vil kunne vera ein modell som ivaretek både regionale krav og ønskjer, samstundes som modellen oppfyller krav i mandatet når det gjeld domstolstruktur.

Ny felles tingrett for Hardanger og Sunnhordland vil ha mange sterke kvalitetar: Folketalet som vil høyra til Hardanger og Sunnhordland tingrett vil vera omlag 82.000 (Hardanger 23.000 og Sunnhordland 59.000). Med eit hovudkontor på Stord og avdelingskontor på Lofthus vil avstandane til rettslokale og administrative tenester/funksjonar i praksis vera uendra for innbyggjarane. Å oppretthalda dagens modell for avvikling av straffesaker vil ha ein stor innverknad på ressursbruk for involverte partar ift. deltaking i saker. Om det i framtida skulle verta ein tingrettstruktur med færre og større einingar vil det ha ein negativ effekt for både offentlege og private aktørar i regionen. Ikkje minst i konkurssaker og tvangssaker vil lokalkunnskap og lokal forankring vera viktig både for tingretten og alle som er involverte i sakene. Det vil vera vanskeleg å oppretthalda

juristkompetanse i regionen om tingretten forsvinn, som i neste omgang vera eit trugsmål mot rettstryggleiken for innbyggjarane.

Dei to tingrettane har alt idag mykje til felles, noko som vil vera ein styrkje for ei samanslåing.

Ved å slå saman tingrettane i Hardanger og Sunnhordland til ei eining, vil ein betre enn idag kunne ivarta krava til fagmiljø, ressursutnytting, kompetanse og kvalitet. Ein ny Hardanger og Sunnhordland tingrett vil på ein god og framtidsretta måte kunne gje innbyggjarane tenester på høgt nivå.

Å ha ein tingrett forankra i regionen vil ha verknad også for andre tilknytte funksjonar. T.d. er det sterk samanheng mellom tingrett, påtalejuristar, arrest og privat advokatpraksis.

Spreidd busetnad og store utkantområde er noko som kjenneteiknar landet vårt, slik er det òg i Hardanger og Sunnhordland. Innbyggjarane vil gjerne behalda ein tingrett dei kjenner seg att i. Aktørane i området er nøgde med ein domstol det er enkelt å samarbeida med. Ved å slå saman embete i større einingar, men oppretthalda funksjonar lokalt, kan ein både vera nært folk og utnytta ressursane meir effektivt.

Distriktsdomstolmodellen vil fungera godt for Hardanger og Sunnhordland, slik den til dømes har gjort for Sogn og Fjordane. Samanslåing mellom Hardanger og Sunnhordland tingrett er den beste modellen for organisering i desse regionane.

Kinsarvik/Stord 12.03.2019

Hardangerrådet

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Wenche Tislevoll/s
Styreleiar



Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2019

1 e-post

'Hans Inge Gloppen' via Post Hardangerraadet

<post@hardangerraadet.no>

Svar til: Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@hfk.no>

Til: "post@hardangerraadet.no" <post@hardangerraadet.no>, "firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no" <firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no>, "post@nordhordland.net" <post@nordhordland.net>

Kopi: Bård Sandal <Bard.Sandal@hfk.no>, Mette Nora Sætre <Mette.Nora.Saetre@hfk.no>

Hardangerrådet iks		
04 APR 2019 4. april 2019 kl. 10:39		
Saksnr.	Bok.nr.	Løpenr.
Videres. til:	Kontokode:	Tillegg S

Til kommunane i Hordaland

v/rådmann og plansjef

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM), tidlegare kjent som Post- og teletilsynet, har lansert ny tilskotsordning for 2019.

Hordaland fylkeskommune har allereie no har fått tildelt ei ramme 8,4 mill. kroner, under føresetnad av at det kjem inn gode nok søknader.

Støtteordninga er i hovudsak retta mot bustadar som ikkje har grunnleggjande breiband (10 Mbit/s).

Ordninga tar òg omsyn til dei bustadane som har høgaste hastigheit mellom 10 Mbit/s og 30 Mbit/s, levert over koparnettet.

Telenor har varsla at dei vil stenge koparnettet innan utløpet av 2022.

Søknadsfristen er 10. mai 2019. Kommunar som vil søkja om tilskot til sine prosjekt finn meir informasjon på denne linken:

<https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/stortinget-har-løyvd-nær-200-millioner-kroner-til-å-bygge-ut-breiband-i-2019>

Under er det lista opp sentrale punkt i tilskotsordninga:

- **Kommunar og regionråd som vil søkja finn dekningskart for kommunen her:**
<https://www.nkom.no/teknisk/bredband/utbygging/dekningsinformasjon>
- **Søknadene skal fyllast ut elektronisk via** https://www.regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=1349&Cookie=0
- **VIKTIG** at søknadene er i tråd med reguleringane for statstilskot, samstundes som kriteria for ordninga vert oppfylt.

Ta kontakt dersom de treng meir info.

Hans Inge Gloppen

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Næring- og lokalsamfunnsutvikling

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 97 41 40 40

www.hordaland.no



Møtedato 11.04.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 17/19 Støtteuttale til Hardanger tingrett og Sunnhordland sin intensjonsavtale om samanslåing av tingrettane.

Saksvedlegg:

Intensjonsavtale mellom Sunnhordland tingrett og Hardanger tingrett vedr. samanslåing av tingrettane i Hardanger og Sunnhordland.

Saksutgreiing:

Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland har sendt fellesuttale til Domstolkommisjonen som innspel til arbeidet som Domstolkommisjonen no utfører og som skal munna ut i ein rapport om ny tingrettstruktur for Norge. Denne rapporten skal leggjast fram seinast 1. oktober 2019.

I same sak har dei tilsette ved tingretten i Hardanger og ved tingretten i Sunnhordland inngått ein intensjonsavtale om samanslåing av tingrettane.

Saksvurdering:

Hardangerrådet vil gjennom ein uttale støtta denne avtalen, som tydeleg tilgjennegjer stor semje og felles ønskje frå dei tilsette at ei slik samanslåing kan verta ein realitet.

Framlegg til vedtak:

Uttale til Domstolkommisjonen:

Hardangerrådet vil gje full støtte til den inngåtte intensjonsavtalen mellom dei tilsette i Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett.

Dei mål som er nemnde i avtalen gjev eit godt bilete av kva hovudargument som ligg til grunn for ønskje om å etablera ein ny felles tingrett for Hardanger og Sunnhordland.

Rettstryggleiken for innbyggjarane i Hardanger og Sunnhordland er heilt avgjerande for oss og vi meiner denne modellen ivaretek dei føresetnader som må liggja til grunn for å ivareta rettstryggleiken på ein forsvarleg måte.

Hardangerrådet vil difor på nytt be om at Domstolkommisjonen ser på kva styrke ein slik samanslegen tingrett vil ha både for innbyggjarane og fagmiljøa omkring.

Intensjonsavtale om samanslåing av tingrettane i Sunnhordland og Hardanger

Sorenskrivarane og dei tilsette i Sunnhordland tingrett og Hardanger tingrett har hatt samtalar med dei profesjonelle brukarane av domstolane og dei to regionråda i Sunnhordland og Hardanger for å drøfta ei samanslåing av dei to domstolane. Advokatmiljøa i både Sunnhordland og Hardanger, samt Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hardangerrådet har synt seg positive til dette i drøftingane. Bakgrunn for initiativet til samanslåing er ønsket om å oppretthalda ein domstol som er tett på innbyggjarane i regionane våre, samstundes som domstolen har fordelar av å vera ei større eining.

Ei samanslåing vil såleis både sikra kvalitet og effektivitet, men også ein domstol som er tilgjengeleg for brukarane. Det at domstolen er tilgjengeleg for brukarane kan ikkje undervurderast som berande for rettstryggleiken.

Intensjonsavtale

Sorenskrivarane og dei tillitsvalde frå Parat og NTL ved Sunnhordland og Hardanger tingrett har den 25.03.2019 forplikta seg til å samarbeida for ein lokalt forankra strukturprosess, men ynskje om å etablera ein felles tingrett for regionane Sunnhordland og Hardanger.

Måla våre er å:

- Ha eit godt fagmiljø
- Oppretthalda tilbod lokalt som publikum er opptekne av, som til dømes avdelingskontor og rettssalar
- Halda på kvalitet og kompetanse, både på dommar- og saksbehandlararsida
- Få større kapasitet og betre ressursnyting
- Ha ei effektiv sakshandsaming
- Samkøyra administrative rutinar, ha likt utstyr
- Styrka leiinga
- Betra rekrutteringa
- Vidareføra dagens fortrinn ved å vera små domstolar.
- Gjennomføra strukturendringsprosessen innanfor gjeldande budsjетtrammer

Konkret inneber dette:

- At det i Sunnhordland og Hardanger skal vera ein sjølvstendig domstol med ein eigen embetsleiar.
- Hovudsete skal vera på Stord. Der skal embetsleiaren ha fast arbeidsstad. Ein eventuell administrasjonssjef skal også ha fast arbeidsstad der.
- Det skal oppretthaldast kontorstad (avdelingskontor) i Hardanger, med dommarar og saksbehandlarar.
- Forutan å kunne setja rett ved hovudsetet og kontorstad (avdelingskontor), skal dagens ordning med rettssalar i Norheimsund og Odda halda fram for å kunna oppretthalda eit tilbod som tek omsyn til dei geografiske avstandane.
- Vidareføring av dagens publikumstilbod med kontor og rettsstader. Oppretthalding av dagens kontorstader gjev nærleik til brukarane. Me kjenner til lokale forhold og det gjev tillit hjå brukarane, som er ein forutsetnad for rettstryggleik. Oppretthalding av dagens rettssalar gjer at kostnader, og reisetid, for aktørar og publikum, ikkje vert auka.

Me tek sikte på følgjande framdrift:

- Sorenskrivarane i Sunnhordland og Hardanger skal ha samtale med Domstoladministrasjonen for å ordna det praktiske arbeidet med strukturprosessen snarast
- Sunnhordland tingrett skal informera aktørane og ordførarane i sin rettskrins (lensmann, advokatmiljø, Samarbeidsrådet for Sunnhordland) om samanslåingsprosessen.
- Hardanger tingrett skal informera aktørane og ordførarane i sin rettskrins (lensmann, advokatmiljø, Hardangerrådet) om samanslåingsprosessen.
- Utlysing av stilling som eigen sorenskrivar til det nye embetet så snart som råd

Avtalen kan utvidast dersom Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett og Indre Hordaland jordskifterett vil verta del av eininga, enten heile eller delar av jordskifterettane.

Alle tilsette ved Sunnhordland tingrett og Hardanger tingrett har hatt møte og er samde om at ei samanslåing vil tena både brukarane og dei tilsette. Det er ein felles intensjon om å arbeida aktivt for at samanslåinga skal gjennomførast saumlaust og effektivt.

Me tek vidare sikte på fagleg samarbeid i form av samlingar og seminar for å heva kompetansenivået, samt kompetansedeling mellom dommarar og saksbehandlarar.

Stord og Lofthus, den 25.03.2019

Sunnhordland tingrett

Knut Gramstad
Sorenskrivar

Svanhild Skogseide
Tillitsvald Parat

Hardanger tingrett


Klaus Skjeldal
Sorenskrivar


Ann Helen Opedal
Tillitsvald Parat/
med fullmakt frå
organiserte i NTL



Møtedato 11.04.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 19/19 Uttale vedr. krav om nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022 - 2033.

Saksutgreiing:

Nasjonal rassikringsgruppe krev at det i ny revidert NTP vert vedteken ein nasjonal rassikringsplan. Det samla behovet for å rassikra alle raspunkt med høg eller middels faregrad er 51 mrd. Ved å utarbeida ein samla plan for rassikring og finansiera denne i 12-års perioden som gjeld neste NTP vil dette utgjera under 5 mrd pr. år eller under 5% av det totale NTP-volumet.

Det er no gjort vedtak i nokre politiske parti om å innarbeida ein slik plan i neste NTP, samt å gje rassikring høgste prioritet i NTP 2022 - 2033

Hardangerrådet vil senda uttale til alle politiske parti som er representert på Stortinget med sterk oppmoding om å slutta seg til ei slik prioritering når saka skal handsamast i Stortinget.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå Hardangerrådet til alle politiske parti på Stortinget:

Vegnettet i Norge skal vera trygt å ferdast på. Det er ei overordna målsetjing som vi alle kan stilla oss bak. Status er likevel at i mange område er folk særst utrygge med å køyra langs vegane når værtilhøva gjer at rasfaren aukar. Skuleborn og arbeidsreisande må ofte vurdere om ein vil utsetja seg for den risiko det er å køyra gjennom rasfarlege område. Slik utrygghet og den psykiske påkjenning dette medfører bør ingen oppleve ved å ferdast på vegane i landet vårt.

Nasjonal rassikringsgruppe har lagt fram i liste som viser at det krevst 51mrd over 12 år for å rassikra riks- og fylkesvegane i Norge.

Dette utgjer mindre enn 5% av NTP og Hardangerrådet vil på det sterkaste oppmoda alle politiske parti om å støtta prioriteringa av rassikring som høgste prioritet i ny NTP 2022 - 2033. Nokre politiske fylkesparti har alt gjort vedtak om støtte til rassikring som første prioritet i ny NTP.

Ein samordna rassikringsplan bør få tilslutnad frå alle parti på Stortinget. Kravet til å kunne ferdast trygt ift. rasisiko på det offentlege vegnettet i Norge burde vore sjølvsgt.

De syner seg imidlertid at løyvingane til rassikringstiltak ikkje på nokon måte har vore tilstrekkelege og at det no er høgst påkrevd at ein i den nye NTP set av 51 mrd til ein samla rassikringsplan slik at naudsynte rassikringstiltak kan koma igang og gjennomførast i den komande 12-års NTP-perioden

Særleg i Hardanger har utfordringane med rasfare vore store. Hardangerrådet oppmodar alle politiske parti på Stortinget om å ta rassikring på alvor og få ein heilskapleg nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022 - 2033 med høgaste prioritet.